



Hamnereglar for Suløen Båtforening

1. ORGANISERING

1.1. Driftsvedtak

1.1.1. Båtforeninga sitt styre gjer vedtak om drift og vedlikehald av bryggene.

1.2. Hamnekomité

1.2.1. Hamnekomité vert valt på årsmøtet i tråd med vedtektene.

2. REGLAR FOR BRUK AV FORENINGA SINE BRYGGER OG ANLEGG

2.1. Straum og vatn

2.1.1. Vasspostane er meint til vederlagsfri bruk for alle medlemmane i foreninga.

2.1.2. Kvar båt plass er merka med nummerert stikkontakt for strau. Kontakt nummer er lik båt plass nummer.

2.1.3. Straummålar vert lest av i januar kvart år (samt ved skifte av båt plassenigar).

2.1.4. Straum må betalast med til ei kvar tid gjeldande tariff fastsett av styret. Faktura for strau vert sendt ut ein gong i året.

2.1.5. I dei høva det er 2 båt plassenigarar på same målar, må dei seg imellom verte einige om korleis kostnaden skal fordelast.

2.2. Max. båt storleik

2.2.1. Båtar større enn 50 fot kan ikkje bruke foreninga sine brygger utan særskilt løyve frå hamnesjefen ved styret.

3. SIKRING - OG ORDENSREGLAR

3.1. Fortøying

3.1.1. Alle båtar skal ha minst 4 elastiske fortøyingar. Det er ikkje lov å bruke metall i festa mot bryggene. Alt tauverk skal knytast i pullertane, og alle tau skal ha rykkdemparar.

3.1.2. Alle må bruke forsvarlege og tilstrekkeleg dimensjonerte fortøyingar for å sikre sin eigen båt, og anlegget som heilheit.

3.1.3. Ved varsel om uver skal båt eigar sjå til at ekstra fortøying vert lagt ut om nødvendig.

3.1.4. Mesanseil må takast ned og mesanbom svingast inn/opp når båtane ligg ved bryggene.

3.1.5. Båtane må ikkje plasserast i båt plassane slik at baugspyd/anker o.l. stikk inn over gang-brygge.

3.1.6. Båten sin eigar må sjå til at ikkje laust tauverk og liknande "slår" og lager støy.

3.1.7. Båt plassane er levert ferdig fendra frå leverandør.

Er det ønskje om ekstra fendring, skal dette så langt mogeleg vere frå same leverandør. Tilleggsfendring må betalast av båten sin eigar.

3.1.8. Det vert oppmoda til medlemmane at ein også ser etter andre båtar når dei er i hamna. Sjå varslingsliste på oppslagstavle ved bryggene.

3.2. Reinhald og avfallshandtering

3.2.1. Båteigarane må ikkje på nokon måte skitne til nabobåtane.

3.2.2. Det er ikkje høve til å slakte fisk langs bryggene, eller på land. Fiskeavfall skal takast med heim, for å leggast i eiga avfallsordning.

3.2.3. Hamn, båtar og brygger skal haldast reine for fiskeavfall og anna søppel bl.a. for å hindre at fuglar og dyr griser til anlegga.

3.3. Ferdsel og transport i hamneområdet

3.3.1. Båteigarar skal vise størst mogleg aktsemd ved manøvrering i hamneområdet.

3.3.2. Høg fart i og ved hamneområdet, skader hamna unødig og er til sjenanse og irritasjon for andre. Myndigheita har innført 5 knops fart innanfor Langevågsholmane.

3.4. Vedlikehald og lagring av båtar og utstyr

3.4.1. Det er ikkje høve til å ta opp båten for vask og mindre vedlikehald.

3.4.2. Det er ikkje høve til å bruke parkeringsplassen eller bryggene til plassering av båtar.

3.5. Ansvar og skader

3.5.1. Transport og opphald av båtar i hamna, samt all ferdsel på området, skjer på båteigar sitt eige ansvar.

3.5.2. Foreininga har ikkje ansvar ved bruk av båtplassar. Den som skader foreininga sine brygger, eller andre sine eigendeler i hamna, pliktar å erstatte dette etter avtale med styret.

4. TILDELING, OVERDRAGING, BYTTING OG UTLEIGE AV BÅTPLASS

4.1. Tildeling av båtplass

4.1.1. Det er styret som skal tildele Båtplassar i hamna. Dette vert gjort etter ansiennitet når det er ledige plassar i anlegget.

4.2. Overdraging av båtplass

4.2.1. Foreininga har forkjøpsrett til ledige båtplassar.

4.2.2. Pkt. 4.2.1 gjeld ikkje ved overdraging mellom næraste familie.. Det same gjeld arv frå båtplasseigar.

4.2.3. Pris på båtplassane er basert på følgjande:

- Båtplassen si bredde.
- Type/storleik utriggar/fortøyningsbom.
- Sjå gjeldande prisliste på heimesida.

4.3. Bytte av båtplass

4.3.1. Båtplasseigarar som ønskjer å bytte plass, skal settast på "bytteliste" og vert gitt førsteretten til ledig plass (Dette gjeld ikkje dei som er omhandla i Hamnereglane sine kapittel 4.2.2).

4.4. Utleige/leige av båtplass

4.4.1. Det er ikkje høve å leige ut båtplassar på eiga hand.

4.4.2. Foreininga, ved hamnesjefen/styret, kan i samarbeid med båtplasseigar leige ut båtplassen dersom denne i ei lengre periode ikkje skal nyttast av båtplasseigar.

4.4.3. Utleige skal tilbydast til den som har lengst ansiennitet og er utan båtplass. (sjå §2.2 i Vedtektene)

4.4.4. Leigetakar skal følgje alle vedtekter og reglar på same måte som ordinære båtplasseigarar i foreininga. Båtplasseigar er framleis ansvarleg for plassen.

4.4.5. Ved sal av båtplassen i løpet av leigeperioden, opphøyrer leigeforholdet i samsvar med leigeavtale.

5. VEDLIKEHALD OG VAKTHOLD

5.1. Vedlikehald av eigen båtplass

- 5.1.1.Kvar båtplasseigar må sjølv syte for mindre vedlikehald av eigen brygge-plass, her medrekna fjerning av groe, tang og tare.
- 5.1.2.Dersom det skulle oppstå feil eller manglar ved båtplassen som den einskilde ikkje sjølv kan ordne, skal hamnesjef kontaktast.
- 5.1.3.Båtplasseigar står ansvarleg for båtplassen sjølv om ein leiger ut plassen.

5.2. Vedlikehald av fellesanlegg

- 5.2.1.Vedlikehald av foreininga sine eigedelar vert organisert av hamnekomitéen i samråd med styret.
- 5.2.2.Båtplasseigar skal rette seg etter pålegg og tilvising frå hamnekomitéen og skal delta i dugnad/vedlikehaldsarbeid.
- 5.2.3.Kvart A-medlem må stille med inntil 6 "gratis" dugnadstimar pr. år.
- 5.2.4.Medlemmen kan leige inn ein vikar for seg sjølv, etter avtale med hamnekomitéen.
- 5.2.5.Medlem i foreininga som ikkje møter opp ved innkalling til dugnad, eller som ikkje stiller vikar vert kravd med kr. 100,- pr. time så lenge dugnadsarbeidet varer. Maks kr. 600,- pr. år
- 5.2.6.A-medlem skal, så langt mogleg, ta del i vakt- og tilsynsordning til foreininga. Dette er naudsynt i den hektiske sumarsesongen. Slikt arbeid vert rekna av som ein del av den pliktige dugnadstida.
- 5.2.7.Hamne-/hussjef er ansvarleg for at det vert ført timeliste over frammøte ved dugnad.

6. GJESTEBRYGGE

- 6.1. Bølgjedempar er avsett til gjesteplassar. Det er lagt til rette for 6 plassar på innsida av bølgedemparen rekna frå innseglinga til hamna. Ved godt ver kan i tillegg yttersida nyttast. Hamneavgifta inkl. straum kan justerast av årsmøtet i båtforeininga.
- 6.2. Det skal nyttast fenderar og fortøyingar som er eigna til formålet. All tilkopling av straum skal gjerast etter reglane i hamna. Kabel frå båt til straumsøyle skal vere gummikabel godkjend for utandørs bruk. Tilkoplinga til straumsøyle skal vere med rund industrikontakt. Betaling for opphaldet skjer slik oppslag i hamna fortel. Elles gjeld foreininga sine hamnereglar Sjå heimesida vår www.suløen.no

7. ANDRE TILHØVE

7.1. Merking/ identifisering av båtar

- 7.1.1.For at båtane som ligg ved bryggene skal kunne identifiserast bør dei vere registrert i Småbåtregisteret.
- 7.1.2.Alle båtar som ligg i anlegget bør ha gyldig forsikring. (Sjå Vedtektene §2.3)

7.2. Regelbrot/ konsekvensar/ tvistar

- 7.2.1.Den som ikkje rettar seg etter hamnereglane, kan etter vedtak i styret miste retten til plass ved bryggene, og verte utkjøpt etter gjeldande satsar.

7.3. Endringar av hamnereglane

- 7.3.1.Eventuelle endringar av hamnereglane skal gjerast på foreininga sitt årsmøte med simpelt fleirtal.

7.4. Når tek hamnereglane til å gjelde

- 7.4.1."Hamnereglane" gjeld frå 04.03.21.